



Lauvstad Barnehage

Eit miljø der alle barn og vaksne opplever trivsel og tilhøyrse,
er trygge, opplever å få delta, meistrar og lærar.



Årsplan 2023 - 2024

Lauvstad barnehage er kommunal, heilårsopen, tilrettelagt for born 0-6 år og ligg på Ulvestad i Dalsfjorden. Barnehagen vart bygd og hadde oppstart privat i 1997 og har sidan 2003 vore kommunal. Barnehagen dekkjer behov for barnehageplass kring heile Dalsfjorden. Barnetalet har auka og syner vekst i bygdene på vestsida. Organisering av barnegrupper og personale skjer utifrå behova i barnegruppa. Vi er opptekne av inkludering og å forebygge utanforskap.

Personalet skal ha kompetanse til å møte barn med tydelegheit og varm omsorg (Les meir om COS på heimesida og inne i planen) Barn skal oppleve å vere verte møtt utifrå behova sine, få hjelp til å regulere følelsane sine og oppleve meistring og sjølvstendige ved å få medverke. God psykisk og fysisk helse heng saman med trivsel, tilhøyr, kosthald, kvile og aktivitet. Vi har god tilgang til allsidig natur og nyttar både innmark, utmark og fjøre der vi lærer om dei ulike faunaene. I tillegg har vi fleire gardar tilgjengeleg der vi ofte er på besøk. Utandørs-opplevingar i all slags ver gjennom heile året bidreg til robustheit. Vi er utviklingsorienterte og set foreldresamarbeidet høgt.

I Lauvstad barnehage er vi utviklingsorienterte og arbeider bevisst med å vere ein lærande organisasjon. Som ein aktiv del av barnehageverksemda i Volda deltek vi i lik kompetanseheving som bidreg til lik kvalitet for alle barn uavhengig av kvar dei bur og gjer oss betre rusta til å implementere ny forskning, mangfald og kunnskap om m.a. dei yngste borna. «Foreldreaktiv tilvenning» kan du lese meir om inne i planen, heftet «velkomen til barnehagen» og på heimesida

Vi ser fram til eit godt samarbeid i barnehageåret 2023-2024

Lauvstad barnehage



Veronica Preus
Styrrar

Dikt:

Kva du seier om meg
Det du trur om meg
Slik du er mot meg
Korleis du ser på meg
Kva du gjer mot meg
Korleis du lyttar til meg
- Slik blir eg

(M. Jenner, frå diktsamlinga:
«De vakraste orden om barn»
(G. Niss: «Å begynne i barnehagen»)



Organisering, ansvar og roller

Barnetal og årskull varierer og organisering av grupper vert årleg justert i høve barn sine individuelle behov og inkludering.

Styrar: Veronica Preus

Avdelingane:

Småbarn Raud : 8 barn haust 2023, 9 barn januar 2024

Thea F. Osborg (pedagogisk leiar)

Karoline S. Lied (barnehagelærer)

Ann-Olin A. Koppen (assistent)

Storbarn Blå: 16 barn haust 2023

Lene Myklebust, (pedagogisk leiar)

Karin H. Vatnehol (barnehagelærer)

Monika Ulvestad (assistent)

Vikarar:

Vikarar vert nytta ved ulike typar fråvær, kompetanseheving og liknande. Det vert arbeid for stabilitet og forutsigbarheit så langt det er råd og nødvendig informasjon vert sendt ut til foreldra på Vigilo.

Kontaktinformasjon

Fasttelefon: 70055258 Spreiefunksjon til alle mobilane i avdelinga når du ringer dette nummeret.

Styrrar mobil: 47503418

Styrrar E-post: styrrar.lauvstad@volda.kommune.no

Mobiltelefon storbarn Blå: 91768257

Mobiltelefon småbarn Raud, 91769727

Heimeside: <https://www.volda.kommune.no/lauvstad-barnehage/>

Finn denne via Volda kommune si heimeside også

Foreldreapp: Vigilo. Last ned frå appstore eller google play
(meir informasjon på heimesida til Volda kommune)

Planar og informasjon vert sendt ut via «nyhende» eller melding.

Feriekartlegging, ferieskjema og anna informasjon vert sendt ut her.

Faktura barnehageplass: vert sendt via Vigilo gjennom digital postkasse/e-faktura.
Ta kontakt med styrrar dersom noko er feil/uklart.

Nyttige lenkjer:

Utdanningsdirektoratet <https://www.udir.no/>

Rammeplanen <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Barnehagelova <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Barnehage <https://www.barnehage.no/>

Volda kommune <https://www.volda.kommune.no/>

Helsedirektoratet <https://helsedirektoratet.no/>

Folkehelseinstituttet <https://www.fhi.no/>

Tryggleikssirkelen

<https://www.barnehage.no/artikler/trygghetssirkelen-som-verktoy-i-tilvenningsperioden/428752>

Regionalt kunnskapssenter for barn og unge

<https://www.ntnu.no/rkbu>

Foreldreutvalet for barnehagar <http://www.fubhg.no/>



Verdisyn

§ 1. Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som og respekt for menneskeverdet naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Personalet skal bidra til at alle barn og familiar får oppleve likestilling og likeverd, respekt for kjønnsroller og kjønnsidentitet. Barnehagen har utarbeidd «verdier i praksis» som er konkrete slik at barn kan forstå dei. Dei omset og synleggjer verdigrunnlaget.

- **Utvikle positiv sjølvkjensle**
- **Vi tek vare på kvarandre**
- **Vi tek vare på omgjevnadane**
- **Å vere ansvarleg**
- **Mi meining er viktig**
- **Mine kroppsreglar**



Barnehagelova: Psykososialt barnehagemiljø

41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

«Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.»

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

«Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.»

§43 Handlingsplan dersom personale krenka barn: Felles standard

FN sin barnekonvensjon.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottemateriell-til-rammeplanen/barnekonvensjonen/>

Artikkel 3: Barnets beste: Vaksne skal gjere det som er best for barn

Artikkel 12: Barnets rett til å gje uttrykk for si meining: Alle barn har rett til å seie meininga si, og deira meining skal bli tatt på alvor



Kommunale fellesverdier: Personalet er rollemodellar for borna

Raus:

I Volda kommune er vi rause mot kvarandre. Vi gjev av oss sjølve og vil kvarandre vel. Vi spelar kvarandre gode. Vi er inkluderande i vår åtferd, i arbeid og i arbeidsmiljøet. Vi leiter etter ressursar og moglegheiter. Gjer vi eller oppdagar vi feil, ser vi på det som ei moglegheit til å lære. Det skal vere godt å vere i fellesskapet i Volda kommune, og det skal kome brukarane våre til gode.

Modig:

I Volda kommune er vi modige. Vi tør å sleppe andre inn og gjere oss sårbare - og vi tør å stå opp for oss sjølve og har integritet. Vi har relasjonelt mot, er dyktige på å gje positive tilbakemeldingar til leiarar, kollegaer og brukarar - og vi tør å ta opp det som er vanskeleg. Vi tør å utfordre det etablerte og vi møter det ukjente på ein trygg og open måte. Vi tør å spørje kvifor og korleis, og vi tør å satse sjølv om vi ikkje alltid kjenner framtida.

Kompetent:

I Volda kommune er vi kompetente. Vi har mykje kunnskap, og vi veit at den må omsetjast i ein god og forsvarleg praksis skal den ha verdi for dei vi yter tenester til. Vi har gode ferdigheiter, og greier å skape resultat gjennom å motivere, samarbeide og rettleie kvarandre. Vi verdsett personlege eigenskapar som gjer at vi kan framstå med truverd og naturleg autoritet. Vi synleggjer det vi trur på og står for, slik at alle kjenner haldningane våre.

Lærande:

Volda kommune er ein lærande organisasjon. Vi er opptatt av kontinuerleg forbetring, og lærar best i kvardagen. Vi veit at kvalitet i tenesta kjem der det er eit samspel mellom alle involverte partar. Vi oppmuntrar til nytenking og applaudera dei som får til ting i lag. Vi har eit leiarskap som er opptatt av utvikling og innovasjon. Hos oss fører ny lærdom til endring av åtferd og praksis.



Dagsrytme

07.05 Barnehagen opnar

07.05-10.15 Leik inne på avdelinga

– dei som har frukost eter maten sin **kl. 07:05 – 08:30** (Frukost ferdig 08:30.)

08.30-10.15 Leik , kvardagsaktivitetar og tilrettelagde aktivitetar inne/ute.

10.15-10:30 Samling med variert innhald

10.30-11:00 Hovudmåltid inne/ute (RAUD)

11.00- Toalett, bleieskift og kviletid (RAUD)

11:00-11:30 Hovudmåltid inne/ute (BLÅ)

11.30-14:00 Påkledning / Uteleik (BLÅ)

14.00 Måltid inne/ute

14.30-16.00 Leik inne/ute

16:05 Barnehagen stenger

Barnehagen stenger kl. 16.05, med unntak for dei som har søkt utvida tilbod. (jfr. vedtekter)



Omsorg, trivsel, leik, læring og danning

Inkludering

Positive og inkluderande leikemiljø og arbeidsmiljø motverkar diskriminering og utestenging. Omgangstonen mellom vaksne barnet omgåast, påverkar også barna sine haldningar til kvarandre.

I leiken skal barn få utforske og utvikle seg som menneske. Dei skal også få moglegheit å arbeide med kjensler, inntrykk og opplevingar. Ikkje alle opplevingar er positive eller forståelege for barna og dei treng hjelp til å sortere alt ved å bli møtt og forstått frå kloke vaksenrelasjonar som ser at barn er. Ikkje alle kjensler er like lett å handtere eller regulere og dei treng hjelp til dette. Difor skal personalet vere tett på. Norm for personaltettleik står i veggen for dette gjennom deler av dagen.

Barnet skal få nytte sine skapande og impulsive krefter. Gjennom leiken skal barn naturlege få utforske eigne grenser og eigen identitet saman med mange barn. Dette vil ha betydning for livsmestring og utvikling av ei sunn fysisk og psykisk helse.

Livsmestring og sunne helsevanar

Barnehagen fremmer sunne helsevanar ved å arbeide for at måltidet skal vere ei god oppleving med bevisste vaksne rollemodellar som utforskar smaker saman med borna. Variasjon i matutval, sunne produkt i tråd med nasjonale føringar.

Barna skal medverke og delta i matlaging, tilberedning av måltid. Berekraftig praksis er teke med i verdiarbeidet vårt. Vi kjeldesorterer, gir matrestar til dyra og komposterer noko.

Barn har rett til å medverke

Personale skal lytte aktivt og vere sensitive overfor kjensleuttrykk til alle barn og spesielt overfor dei minste borna og barn som treng hjelp til å uttrykke behova sine.

Tett og god kontakt mellom heim og barnehage bidreg til at vi saman kan forstå betre. Barn har ulike personlegheiter. Somme barn treng hjelp til å verte synlege i barnegruppa, andre treng hjelp til å regulere eigne behov i forhold til andre i gruppa. Alle barn treng å bli møtt med varme og kontroll. Respekten og anerkjenning for barnet sin ståstad.



Organisering av mindre grupper gjer kvar barn meir synleg og gir moglegheiter for å medverke

I «snakkegruppe» er det få barn og kvart barn får moglegheit å delta og under seg med ein vaksen til stades som støttar og rettleier.

Barn treng vaksne som er tett på

Alle barn er unike og ulike og har rett til bli møtt med anerkjenning, respekt og kjærleik av omsorgsfulle og tydelege personale som vil dei vel. Barn treng å oppleve seg sjølv som betydningsfulle deltakarar i barnegruppa ved hjelp av rettleiing og støtte frå trygge vaksne som er tett på. Småbarnsforskning syner at små barn er særleg sensitive for stress og at stress over tid er skadeleg for utviklinga. Utrygghet aukar stress, trygge vaksenrelasjonar førebygger. Foreldreaktiv tilvenning bidreg positivt.

Barn som er særleg sensitive eller barn som har sterke temperament brukar mykje energi i store barnegrupper. Forsking syner at barna med slike temperament er særleg sensitive for utrygge miljø og utrygge relasjonar og at dei ofte opplever nettopp det. Trygge vaksenrelasjonar som gir støtte i overgangar, nye og uoversiktlege situasjonar reguleringsstøtte når livet buttar imot, dekkjer behov for pausar og lading, gir dei moglegheiter til å oppleve seg sjølv som positive deltakarar i fellesskapet. Trygghet og trivsel er avgjerande for ei positivt sjølvbilde som igjen bidreg til inkludering og motverkar utestenging. Det er særleg viktig å vidareføre dette arbeidet i overgangar frå heim til barnehage, overgangar mellom ulike avdelingar og i overgang til skulen. Når barn vert forstått og møtt på behova kan dei bruke energien til utforskning og utvikling.

Det er eit pedagogisk ansvar å legge til rette for at alle born skal få moglegheit å meistre liva sine. Like eins å fange opp og ivareta barn som fell utanfor sosialt, syner avvik i utviklinga eller på andre måtar gir uttrykk for å ikkje ha det bra. Når barn opplever dette er dei ekstra sårbare og har ekstra stort behov for stabile og trygge vaksenrelasjonar som er tett på. Dette kan førebygge risiko for å falle utanfor seinare. Barnehagen skal observere, avdekke og sette inn hjelp så tidleg som råd for å hjelpe barnet å nyttiggjere seg det allmennpedagogiske tilbodet eller sette inn tiltak dersom barnet treng det. Nær samhandling med foreldre er særleg viktig. Foreldre skal i utgangspunktet samtykke til kontakt med andre instansar. Føresette si omsorgsplikt og pedagogens sitt ansvar å sjå til at barnet får hjelpa det treng så tidleg som råd. Å forhindre hjelp kan skade barnet si utvikling. For å hjelpe barnet best mogleg treng vi å avdekke om utfordringane ligg i barnet sjølv eller i miljøet barnet er ein del av. Til barnet sitt beste skal barnehagen rådføre seg og samhandlar med samarbeidspartar i samråd med foreldre. Samarbeidspartane vert omtala i eit eige punkt.



Det autoritative perspektivet

Den autoritative vaksenrolla heng saman med COS-P og hjelper personalet å rettleie borna gjennom utfordringar i leik og samspel, arbeide med relasjonsbygging og inkludering, ivareta og støtte enkeltbarnet og hjelpe alle barn å meistre det sosiale samspelet i ei gruppe.

Bevisst forhold mellom kontroll og varm omsorg krev aktiv relasjonsbygging til kvart barn. Den autoritative vaksne har respekt for og innsikt i barna sine individuelle behov og dynamikken i barnegruppa og kan å mentalisere. (meir om autoritative perspektivet i [Oppvekstplanen](#))

Mentalisering

Å mentalisere betyr å ta den andre sitt perspektiv, sjå seg sjølv frå utsida og sette seg inn i korleis den andre har det inni seg. Denne forståinga er viktig for å hjelpe barn å bli kjend med og forstå egne kjensler og få hjelp til å regulere dei ulike kjenslene.

Digitale plattformer

Personvern: Volda kommune har eige personvernombod og rådgjevar. Digitale verktøy og innhenting av løyver skjer i tråd med lover og retningslinjer frå www.datatilsynet.no (heimesida Volda kommune).

Digital dømmekraft, digital kompetanseheving, udir. Alle tilsette skal gjennomføre e-kurset.

Digital praksis og verktøy skjer elles i tråd med krav i rammeplan for barnehagar. (sjå IKT plan)

Digitale barnemappar: Web sak+: Foreldresamtalar, observasjonar, løyver og anna dokumentasjon som vedkjem enkelbarn vert lagra i digitale barnemappar.

Vigilo: Foreldreapp, Digital søknad og fakturering ([Vigilo – Volda kommune](#))



Dei 7 fagområda med progresjonsplan

Fagområda i rammeplanen dekkjer eit vidt læringsfelt og opptreir sjeldan aleine. Fagområda er representert i planlagde temaopplegg, kvardagssituasjonar, spontane samtalar, på turar, i leiken og i rutinesituasjonar.

1. Kommunikasjon, språk og tekst

0-3 år		3-6 år	
Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Barnet skal oppleve glede ved å kommunisere, leik med lydar, ansikt, mimikk.</p> <p>Tilknytingsperson er barnet sitt viktigaste språkverktøy og er bevisst i veremåte, kroppsspråk, mimikk. Opent ansikt, mild stemme.</p> <p>Sensitiv vaksen må bygge relasjon til barnet ved å tone seg inn.</p> <p>Bruk song i alle situasjonar, vaksen som «trianglerer», lytte til lydar og rytme i språket, bøker, leik utforske.</p> <p>Sjå bilete av seg sjølv og andre, logoar.</p>	<p>Gradvis auke ordforråd og setningar. Bekrefte barnet der det er i si utvikling og stimulere utifrå det.</p> <p>Stimulere til kontakt med andre på positiv måte relasjonar i leik</p> <p>Bygge tillit, bruke konkretar og bilete</p> <p>Tøyse med språket, bruke konkretar og bilete</p> <p>Høyre eige namn, syngje songar med rørsle. Lese i bøker der borna får sjå, samtale. Tilpasse etter alder.</p> <p>Gjenkjenne bilete.</p>	<p>Glede og interesser for bøker, fortelling og song. Den vaksne tone seg inn og samtaler på barnet sitt nivå.</p> <p>Gje barnet strategiar for å ta kontakt og oppretthalde relasjonar over tid. Fellesskap med leikevenner.</p> <p>Hjelpe barn å bli kjend med og uttrykke kjensler.</p> <p>Observere barnet si utvikling og språkforståing, i samråd med foreldre tenke tidleg innsats.</p> <p>Gjenkjenne bilete og teiknefortelling</p>	<p>Oppleve glede ved å formidle fortelling, gjenfortelle og produsere eigen tekst. Dramatisere, rime, song og musikk, møte ulike dialekter og språk, forteljning og segn frå fortid og notid.</p> <p>Hjelpe barn å oppretthalde kontakt med leikevenner, arbeide med prososialitet og empati. Aktivitetar som styrker fellesskapet.</p> <p>Hjelpe barn å setje ord på eigne og andre sine kjensler i samspel og ueinigheiter.</p> <p>Hjelpe barn å vere inkludert i samtalar og språkleg leik, oppleve eigenverdi og positiv oppleving av seg sjølv. Også tole motstand og halde fast på eiga mening om ein blir sagt imot.</p> <p>Støtte barn som utforskar skrift. Hjelp dei å oppleve meistring.</p>



2. Kropp, rørse, mat og helse

0-3 år

3-6 år

Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Primærkontaktar ved oppstart.</p> <p>Trygg i eit oversiktleg fysisk miljø som gir rom for å utforske sjølv.</p> <p>Begynnande positiv oppleving av sin eigen kropp.</p> <p>Stimulere alle sansane gjennom erfaring NB: positiv oppleving ved nye smakar.</p>	<p>Borna få utvide sitt fysiske miljø.</p> <p>Korte turar i nærområde der dei får oppleve kroppsleg glede og meistring.</p> <p>Lære namn på alle kroppsdelar Begynnande respekt for egne og andre sine grenser.</p> <p>Stimulere til utforsking, oppleving av kroppsleg meistring.</p> <p>Støtt og stimuler mi utforsking! (tryggleikssirkel)</p> <p>Utforske, verte presentert for ulike smakar og varierte matrettar jamfør kostplan og periodeplan.</p>	<p>Bygge robustheit med nærheit og omsorg.</p> <p>Auke lengd på turar, variere terreng, uthaldenheit, styrke, meistre å vere ute i all slags ver.</p> <p>Samtale om kroppen. Trygg vaksen som hjelper å utvikle respekt for egne og andre sine grenser i leik. Kunnskap om heile kroppen og kroppsreglar.</p> <p>Sunne matvanar, positiv haldning til mat i nær samarbeid med heim, plan for variasjon kosthald.</p>	<p>Sjølvstendigheit og meistringskjensle.</p> <p>Klare å «stå i press» og sjå at det går bra. Kunnskap om kle til ulikt ver.</p> <p>Begynnande forståing for korleis eit barn blir til, kunnskap om og hjelp til å sette grenser for sin eigen kropp, lære barn om førebygging av overgrep (film NRK super).</p> <p>Auka ansvar i å planlegge, gjennomføre og rydde etter måltid.</p>



3. Natur, miljø og teknologi

0-3 år

3-6 år

Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Anerkjenne utforskartrang, der du må sette grenser-erstatte med alternativ for å halde på utvikling.</p> <p>Positiv oppleving med menneske, dyr, omgjevnadar, sanseopplevingar i trygge rammer.</p> <p>Vaksen skal vere rollemodell og vise respekt for naturen. Observere naturfenomen rundt seg.</p> <p>Jamfør IKT plan og «brysom/hjarteven».</p>	<p>Tilføre miljøet nye element i takt med barnet sitt erfaringas behov for vidare læring.</p> <p>Opplive samspel med menneske, dyr og ulike omgjevnader. Lære namn på nokre få artar.</p> <p>Opplive å erfare storleikar i naturen i forhold til kvarandre. Undre seg over den fysiske verda.</p>	<p>Forståing av syklus i natur, skifting i årstider.</p> <p>Undre seg ilag om samanhengane i naturen, nærmiljøet og samfunnet.</p> <p>Gradvis bevisstgjerig av eigen påverknad overfor omgjevnader. Kjennskap til ulike fysiske eksperiment.</p>	<p>Eksperimentere og forske på.</p> <p>Innsikt, byrjande forståing og ansvarskjensle for berekraftig utvikling («brysom» og «smart oppvekst»)</p> <p>Lære om miljøvern, namn på fleire ulike artar og kunnskap om dei. Opplive og ferdast i ulik natur og verne om den. Systematisere, beskrive og samtale om naturen.</p>



4. Etikk, religion og filosofi

0-3 år

3-6 år

Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Anerkjenne og imøtekomme undring barnet gir uttrykk for.</p> <p>Vaksen vere god rollemodell for haldningar.</p> <p>Vaksen sansar og tolkar signal og tek barnet på alvor.</p> <p>Religion; lære på ein enkel måte gjennom song, bilde og bøker. Sauselege aktivitetar til ulike høgtider.</p> <p>Invitere foreldre til å snakke om kultur, religion, livssyn på oppstartsamtale. Korleis legg vi best mogleg til rette i barnehagen.</p>	<p>Anerkjenne utforsking/utprøving med den vaksne som rollemodell.</p> <p>Autoritativ vaksenrolle omsorg og respekt. Lære borna gode handlingsalternativ i møte med andre/ rettleie dei.</p> <p>Gje konkrete handlingsalternativ.</p> <p>Religion: lese bøker, synge og samtale.</p> <p>Møte livssyn og religionar som finst i barnehagen.</p>	<p>Bli møtt med anerkjenning og rom for å undre seg.</p> <p>Bli kjend med omgrep som solidaritet og likeverd.</p> <p>Delta i bistand gjennom td FORUT</p> <p>Snakke om likskap og verdsette ulikskap, (t.d. identitet, dialektar, språk, utsjånad).</p> <p>Vere saman med barn gjennom konfliktsituasjonar og hjelp dei å finne løysingar Mantra cos: mentalt større, sterkare, klokare og alltid god.</p> <p>Delta på fleirkulturelle arrangement synge, lese bøker og samtale.</p> <p>Undre oss over mangfald og ulikskapar:, samane i Norge, andre kulturar</p> <p>Bruke song, bøker, internett, lage mat og andre opplevingar for å lære.</p>	<p>Vaksen møter barn sine utsegn, spørsmål og undring med anerkjenning og respekt.</p> <p>Grunnleggande haldningar til ulikskapar, toleranse for forskjellige kulturar og ulike måtar å leve på</p> <p>Motarbeide diskriminering og utestenging (jamfør mobbeplan).</p> <p>Opplive at verdiar, val og handlingar påverkar situasjonen for seg sjølv og andre.</p> <p>Snu negative leikemønster ved å arbeide inkluderande. Aktivt arbeide med inkludering og haldningar i barnegruppa og ilag med foreldra.</p> <p>Lære om ulike kulturar og religionar. kunnskap om Samefolket, markere veka kring 6.februar. Læring med ulike verkemiddel; song, bøker, forming, konkrete opplevingar. Ta opp verdidilemma i foreldregruppa. Bevisstheit om eigne private meiningar og respekt for mangfaldet i barnegruppa og foreldregruppa. Korleis møter vi kvarandre?</p>



5. Nærmiljø og samfunn

0-3 år		3-6 år	
Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Utforske barnehagen som nærmiljø.</p> <p>Observere eldre barn.</p> <p>Opplive respekt.</p> <p>Vaksen er lydhøyr for behova til barnet og responderer på desse.</p>	<p>Gradvis utviding av horisont, samarbeid på tvers av aldersdeling.</p> <p>Gradvis utforske nærmiljøet.</p> <p>Erfaring med samspel med fleire born og vaksne.</p> <p>Opplive anerkjenning for meiningstuttrykk, ynskje og behov, Så langt det er råd fylgje barnet sine ynskjer.</p>	<p>Eigen kontaktperson for 3-åringane ved overgang til ny avdeling. Trygghet og behov for støtte i det nye miljøet. Gradvis større utfordringar og uthaldenheit på aktivitetar i lag med større barn.</p> <p>Delta i aktivitetar i nærmiljøet.</p> <p>Erfare at handlingar og val kan påverke sin eigen og andre sin situasjon. F.eks. i leik ute og inne.</p> <p>Få forståing av ulikskap og behov til andre, men også bli vist respekt og anerkjenning for sine egne.</p>	<p>Samarbeid barnehage-skule, sikre trygg overgang.</p> <p>Vise omsyn og omsorg for yngre barn.</p> <p>Turar i lengre avstand enn før, der ein får kjennskap til ressursane i område rundt seg.</p> <p>Opplive seg sjølv som inkludert og viktig del av nærmiljøet. Respekt og forståing for ulike kulturar og levesett. Samane sin kultur.</p> <p>Våge å stå for egne meiningar og oppleve medverknad. Kunne påverke eigen kvardag.</p> <p>Kjennskap til korleis samfunnet er bygt opp.</p>



6. Mengd, rom og form

0-3 år

3-6 år

Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Opplive seg sjølv i ulike rom og ha tilgjengeleg materiell til utforsking.</p> <p>Utforske leiker med ulike former og utsjånad.</p> <p>Støtte barn si nysgjerrigheit og utforskartrang.</p>	<p>Leikemateriell som stimulerer til kreativitet og utforsking.</p> <p>Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing.</p> <p>Erfare glede over å leike – bruke ulike former. Lære nokre omgrep.</p>	<p>Synleggjere samanhengar og oppdage matematiske samanhengar i dagleglivet.</p> <p>Tilgang til ulike spel, teknologi, tellemateriell, klossar, leiker og formingsmateriell som gir erfaring med klassifisering, sortering og samanlikning.</p> <p>Lære like/ulike storleikar, former og samanlikne og sortere.</p>	<p>Argumentasjon vert møtt med anerkjenning og opne spørsmål slik at barnet kan undre seg og søke løysingar saman med barn og vaksne.</p> <p>Legge til rette for erfaring med ulike typar mål, måleiningar, og målereiskap og undring rundt avstandar, vekt, volum og tid</p> <p>Skulestartarsamlingar.</p> <p>Glede ved å leike med tal, former, tilgang til ulike materiell, utvide kunnskap og omgrep.</p>



7. Kunst, kultur og kreativitet

0-3 år

3-6 år

Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4
<p>Opplive glede ved å uttrykke seg.</p> <p>Opplive song, musikk og rørsle.</p> <p>Sjå, lytte, Opplive kunstuttrykk med ulike.</p> <p>Bli kjend med eventyr og leike med materiell som hører til.</p>	<p>Opplive støtte for engasjement i utfolding og uttrykksmåte</p> <p>Moglegheit til varierte uttrykk i skapande verksemd.</p> <p>Erfare rytme gjennom å utforske musikk, rørsle og song.</p> <p>Konkret erfaring med ulike materiell.</p> <p>Gjenkjenne eventyr og songar som hører til eventyra.</p>	<p>Få bruke fantasi, kreativ tenking og opplive skaparglede.</p> <p>Variere mellom vaksenstyrt og barnestyrt aktivitetar for å gje borna impulsar dei kan arbeide vidare med.</p> <p>Glede ved å uttrykkje seg, ha tilgjengeleg ulike materiell for å kunne bruke kreativiteten sin.</p> <p>Leike eventyra, dramatisere og kle seg ut.</p>	<p>Vise fram eigen kunst, få uttrykke og arbeide med inntrykk og moglegheit å samtale om det.</p> <p>Inspirer borna til å våge å opptre framfor andre. Heie borna fram til å tru på seg sjølv og støtte kvarandre.</p> <p>Støtte borna i å ha tru på si eiga skaparevne og vere stolt av det dei lagar.</p> <p>Fortelje eventyr for kvarandre og vere med å dikte egne fortellingar.</p> <p>Opptre for andre.</p>



Kompetanseheving og utviklingsarbeid i personalet 2022/2024

Utvikling av leiarteamet:

Styrar og pedagogiske leiarar utgjer leiarteamet ved Lauvstad barnehage. I Sjustjerna som består av dei sju kommunane Volda, Ørsta, Ulstein, Herøy, Hareid, Sande og Vanylven er det hausten 2022 sett i gang utviklingsprogram for leiarteam knytt til Høgskulen i Volda. Det var 4 samlingar, samlingane vart fullført hausten 2023. Vi tek no til å vidareutvikle leiarteamet ilag med andre team i Volda kommune.

Nasjonal leiarutdanning for styrarar: styrar tek del

Regionalt kompetanseheving for barnehagar (Rekomp).

Barnehagane arbeider i nettverk og i partnerskap med Høgskulen i Volda. Metoden bygger på aksjonslæring og fagleg refleksjon i personalgruppene. Gjennom aksjonar spissar vi fokuset på små områder i gongen og arbeider slik systematisk med utvikling og endring. Inneverande år arbeider vi med å utvikle språkmiljøet.

Barnehageåret 2023 -2024 blir fokuset i ReKomp å lære personalet i Volda barnehagane verktøyet ASK.

«Alle trenger språk for å utvikle seg. Noen personer kan, på grunn av medfødte tilstander, skader eller sykdom, ikke kommunisere ved hjelp av talespråk. Å kommunisere på andre måter enn gjennom talespråk kalles alternativ og supplerende kommunikasjon, forkortet til ASK»

<https://www.statped.no/ask/>


Sjå barnehagebarnet innanifrå

Hausten 2023 fekk personalet kompetanseheving i kurset «Sjå barnehagebarnet innanifrå». Dette kurset er ei fordjuping i korleis vi brukar kunnskap basert på boka «Se barnet innanifrå» av Ida Brandtzæg, Stig Torsteinson og Guro Øiestad, men fokus på relasjonsarbeid og trygg tilknytning. Dette er ein barnehage versjon av Tryggleikssirkelen (COS) som er meir retta mot personalet i barnehage.



Desse prosessane deltek alle i oppvekst i:

BTI: betre tverrfagleg innsats:



- Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.
- Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester
- Nivå 1: Beskriver innsats innanfor hver enkelt tjeneste
- Nivå 0: Avklarar om det er grunn til bekymring.

Gjennom betre tverrfagleg innsats skal vi saman verte betre rusta til å ha felles blick på helsefremming og førebyggjande tiltak for alle barn, unge og vaksne, samordne og spisse tilpassa tiltak slik at dei treff betre og at alle skal oppleve samanheng. Dei som er involverte skal vite kven som har «stafettpinnen». ([BTI – Volda kommune](#))

Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KOSIP):

«Det skal bidra til at alle kommuner og fylkeskommuner har tilstrekkelig kompetanse tett på barna og elevene for å kunne fange opp og gi et inkluderende og tilpasset pedagogisk tilbud til alle, inkludert barn og elever med behov for særskilt tilrettelegging. Barnehager, skoler og støttesystemer rundt barn og unge skal jobbe sammen for å skape inkluderende fellesskap og tilpasse det pedagogiske tilbudet, slik at alle får et best mulig utgangspunkt for utvikling og læring». (USN, universitetet sørøst Norge)



Overgangar

Barn treng hjelp til å finne tryggleik, oversikt og rotfeste i nye miljø. Når miljøa samhandlar godt og deler informasjon til beste for barna er dette tidleg innsats. Vaksenrelasjonar skal bidra til forutsigbarheit og trygghet. Trygge barn meistrar utfordringar betre og vert robuste/motstandsdyktige også i møte med motstand. I Lauvstad barnehage har vi fokus på arbeid med overgangar.

Å begynne i barnehagen: «Voldabarnhagen» har utarbeidd standard for tilvenning. Foreldreaktiv tilvenning bidreg til å trygge overgang frå heimemiljø til nytt miljø i barnehagen. Denne overgangen startar ved mottatt barnehageplass. (meir om foreldreaktiv tilvenning i heftet «velkomen til barnehagen»)

Mellom ulike avdelingar/grupper i barnehagen:

Barn og foreldre vert førebudde i overgang mellom avdelingane og vi legg til rette for kvart barn sine behov.

Barnehage-skule-SFO Ny kommunal plan for samanheng mellom barnehage, skule og SFO. Internt i Dalsfjorden har vi 3 faste møtepunkt mellom skulane og barnehagen i fellesskap på hausthalvår og 3 på vårhalvår. Ulvestad barneskule og Dalsfjord skule har felles dato for førskuledag. Skulestartarane har også eigen plan for barnehageåret.

Vurdering / Evaluering

Barnehagen evaluerer og reflekterer jamleg arbeidet gjennom prosessar i personalgruppa. Barn sine tilbakemeldingar og personalet sine observasjonar har stor del og vert vurderte ilag med tilbakemeldingar frå enkeltforeldre eller samla tilbakemeldingar frå foreldrerådet som foreldrekontaktene samarbeider med styrar om.

Arbeidsmiljøet vert ivaretatt gjennom prosessar med forskingsbasert medarbeidarundersøking 10-faktor, jamlege STIM møter/3 partsamarbeid, medarbeidersamtalar og kompetanseheving/utviklingsarbeid barnehagen deltek i. Foreldra vert årleg i november/desember invitert til å delta i foreldreundersøkinga gjennom UDIR.

Barnehagemyndene i Volda utfører også tilsyn med barnehagane.

Pedagogiske verktøy


Circle of Security - COS-P: oftast omtalt Tryggleikssirkelen.

Verktøyet inneber kunnskap om å møte barn sine behov for trygghet og samtidig støtte barn sitt behov for utforsking. For å meistre dette må omsorgsgivar forstå korleis eigen veremåte påverkar relasjonen til barnet og korleis barnet reagerer. Omsorgsgivar må evne å mentalisere, dvs sjå seg sjølv og sin vere måte frå utsida og samtidig forstå og møte barnet slik barnet kjenner det på innsida.

Mantraet for omsorgsgivar er:

«Ver større, mentalt sterkare, klokare og alltid god. Så langt det er mogleg følg barnets behov. Når det er nødvendig - ta styring».

Det betyr t.d. å hjelpe barnet å organisere store følelsar og samtidig anerkjenne behovet for omsorg i situasjonen. Dette betyr at den vaksne må ha kontroll på seg sjølv og vere bevisst på korleis ein reagera i møte med barnet som nokre gongar har følelsar ute av kontroll. Ikkje lat egne kjensler ta overhand, men opptre roleg og kontrollert ovanfor barnet.



Kva meina vi med større, sterkare, klokare og god?

Å **vere større** betyr: at den vaksne er meir enn fysisk større, vi skal vere fast og tydeleg, ta greip, vere leiar, organisera, planleggje og førebu barnet og ha kontroll på situasjonen. Dette gir barnet tryggleik.

Å **vere sterkare** betyr: at den vaksne er meir enn fysisk større, at ein fysisk beskyttar barnet, og at ein er emosjonelt sterkare. Det betyr at ein ikkje blir like sint som barnet, eller like usikker som barnet, eller svak og lei seg eller for eksempel gråtar fordi barnet gråtar. Den vaksne skal være den **emosjonelle** styrka. Det kan være vanskeleg å være sterkare dersom man opplev barnet si oppførsel som vanskeleg.

Å **vere klokare** betyr: at barnet treng vaksne som forstår meir enn dem, som kan forklare kva som skjer rundt dei og kva som skjer med barnets kjensler. Ta tak i situasjonen, gripe inn og stoppe det som helde på å skje. Den vaksne handlar og forklarar barnet, ut frå egne forutsetningar, kvifor det ikkje kan fortsette slik. Du er klok når du meistrar balansen mellom å vere større og sterkare enn barnet og samtidig bevara godheita. Klokke foreldre / omsorgsgivar er både faste og gode, kan seie nei og ta tak utan å vere krenkande eller skremmande overfor barnet.

Å **vere god** betyr: at barnet opplev den vaksne som vennleg og snill, sjølv om det også handlar om å seie nei og sette upopulære grenser. Ikkje gje etter hele tiden, ver fast men samtidig med godheit i stemmen og kroppen.

(Som å gi kjærteikn som eit styrk på kinn, mens du forklarar at nettopp dette ønsket ikkje passar i dag, men i morgon etter barnehagen...)



Verktøy som bidreg til barns læring:

«FORUT» Gjennom å delta bistandsorganisasjonen og nytte materialet derifrå bidreg vi til kunnskap, forståing og respekt for ulike kulturar og ulike måtar å leve på, som er i tråd med barnekonvensjonen, samtidig som vi også finn samanhengar og likskapar.

«Henry» om barn og førstehjelp, «Bjørnis» brannvern, «Hele meg» om kropp og grenser i barnehagen, «Psykologisk førstehjelp» om raude og grøne tankar.

Observasjon:

Observasjon handlar om å legge merke til og forstå det ein set blikket på (udir.no). Ulike perspektiv, fortolkingsrammer og at barn deltek i ulike miljø gjer at ulike observatørar ser variasjonar. Å følge med på barnet si utvikling skal bidra til at alle barn får moglegheit å utvikle seg positivt. Samtidig bidreg observasjon til å oppdage barn som treng ekstra hjelp og gjennom samhandling at dei får hjelp så tidleg som råd. Systematisk observasjon vert gjort i tråd med mandatet i rammeplan for barnehagar og dokumentert i m.a. foreldresamtalane i samhandling med foreldre. Dersom det vert nytta systematisk kartlegging skal det bidra til positiv utvikling for barnet og foreldra skal vite om dette.

Verktøy: COS-P/Tryggleikssirkelen, «Med blick på barnet» og «Et levende blick» samspeleobservasjon, «Kartlegging av voksnes holdninger til enkeltbarn»- relasjonskartlegging v/Kari Pape, «TRAS»-språk, «Alle med»-sosial kompetanse.

Ved uro omkring barn skal barnehagen følge systemtenkning og følge tiltakshjul i kommunen.



Samhandling

Mellom foreldre og barnehage:

Open dialog mellom foreldre og barnehagen bygd på tillit og gjensidighet aukar barna si oppleving av tryggleik. Gjensidig låg terskel for å ta opp spørsmål kring barn sin trivsel og utvikling bidreg til å oppdage evt uro tidleg og finne gode løysingar.

Å sette seg inn i informasjon frå barnehagen, vere løysingsfokusert og vise rausheit i kommunikasjonen, delta på foreldremøte, barnehagen sitt foreldreråd, SU, svare på brukarundersøkingar, bidra i foreldresamtalar er formelle måtar å involvere seg på. Dugnad, vere aktiv i fritida til borna og inkludere alle foreldre kan bidra til å inkludere barn som elles hamnar utanfor fellesskapen. Foreldre er velkomne til å nytte uteområdet og gapahuken inkl bålpanna til sosial aktivitet, barnebursdag og liknande.

Barnehagen nyttar Udir sin nettbaserte foreldreundersøkelse. Vert utsend elektronisk i november på e-post

Foreldreråd:

Består av alle foreldra i barnehagen, skal fremje fellesinteressene til foreldregruppa og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og føresette fremmar positivt barnehagemiljø. Konstruktive tilbakemeldingar, løysingsfokus og gjensidig respekt gir utviklingsmoglegheiter. Negativ omtale påverkar haldningar og i verste fall skadeleg for samhandling til beste for barn. Referat frå møta bidreg til systematikk. Saker frå foreldrerådet som skal takast opp med barnehagen skal vere skriftlege og vert dokumenterte.

På foreldremøtet om hausten vert det vald to repr med vara. Desse leiar, nestleiar som begge er representantar i SU, samt vara. Styrar kallar foreldrerepresentantane inn til to møter i året for å fremme foreldresamarbeidet. Foreldrerepresentantane kommuniserer med styrar om saker i foreldrerådet.

Samarbeidsutvalet – SU:

Rådgevingande, kontaktskapande og samordnande organ som behandlar saker som er viktige for innhaldet i barnehageverksemda. SU vedtek barnehagen sin årsplan og kan behandle saker som t.d. budsjett og endringar i drifta. Likt tal representantar frå personalet og foreldra. I tillegg politisk vald representant. Oppgåvene til foreldreråd, SU, samt oversyn over medlemmene skal hengast på tavla i gangen.

SU 2022/2023:

Aleksandra Try: foreldrerepresentant OG Kristi Drabløs Espeland: foreldrerepresentant
Vara: Hanne Marte Brandal og Marte Saure

Karoline Sætre Lied, verneombod og Thea Elise Fremmerlid Osborg: tilsett representant
Lene Myklebust vara tilsette

Eiliv Halkjelsvik (eigar) vara: Per Steinsvik
Veronica Preus: styrar og referent (mobil-jobb: 47503418)

FUB (nasjonalt foreldreutvalg for barnehage): <https://www.fubhg.no/> Mykje nyttig informasjon!

KFU (kommunalt foreldreutvalg: består av repr ved alle skular og barnehagar i Volda kommune)

Andre samarbeidspartar:

- * Kontakthelsesøster, for Lauvstad barnehage, Dalsfjord skule og Ulvestad barneskule: Ellen Andenes
- * Foreldre- og ungdomsrettleiar: Iselin Steinnes Foldal
- * Tidlig innsats koordinator: Marthe Longva Strandbakken
- * Koordinator for spesialpedagog: Ruxandra Raudøy: Yter lågterskeltilbod og tilgjengeleg for alle barnehagane i kommunen.
- * Kommunepsykolog: Stine Støve Eikenes. Fungerer som lågterskeltilbod og kan kontaktast av foreldre eller styrar i samråd med foreldre
- * PPT: interkommunal pedagogisk psykologisk teneste med Ulstein som vertskommune. Yter kompetanseheving til personalet, rettleiing/oppfølging av barnegruppe eller enkeltbarn ved enkeltvedtak.
- * Interkommunal barnevernteneste, Volda som vertskommune og underlagt sektor oppvekst.

TSG: Tverrfaglege samhandlingsgrupper. Ulvestad barneskule, Dalsfjord skule og Lauvstad barnehage i samarbeid med etatane over. Skal sikre tidleg intervensjon, kvalitet og samhandling i tenestene.



Teieplikt og avgrensing:

Regulert etter bhg lova §20 og forvaltingslova §13 har barnehagen sine tilsette teieplikt (opplysningar om fysisk og psykisk helse, familie- og heimforhold, boligforhold, økonomi eller klientforhold til det offentlege). Tilgang til å vidareformidle opplysningar til andre forvaltingsorgan på grunnlag av samtykke eller i konkrete saker for å fremme barnehagen sine oppgåver.

Opplysningsplikt og meldeplikt:

Bhg.lova § 21: Opplysningsplikt til sosialteneste og den kommunale helse- og omsorgsteneste: -informere om sosiale og økonomiske hjelpetiltak og gje bistand i klientsaker for å fremme sosialt likeverd.

Bhg.lova §22: Opplysningsplikt til barnevernstenesta/MELDEPLIKT:

«Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta, når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf lov om barnevernstenester §4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlige atferdsvanskar, jf same lov §4-24»

Vedlegg

1. Plan for skulestartarane 2023/ 2024 og samarbeid barnehage-skule 2023-2024